

Fedje Krf
v/ Ingmar Stuberg
Muren 24
5947 FEDJE



Fjord1 AS
Postboks 354
6902 FLORØ

Fedje, 16.06.17

Ferje for sambandet Fedje-Sævrøy

Vil innledningsvis gratulera Fjord1 med dei mange ferjekontraktane de vant i Hordaland hausten 2016. Ferjesambandet Fedje - Sævrøy er ein av ferjestrekningane som skal opererast av Fjord1 med oppstart frå 01.01.20.

Dei viktigaste kriteria i anbudsdocumenta frå Hordaland fylkeskommune var slik vi har forstått det pris, miljø- og energieffektivitet.

Det har breidt seg ei uro på Fedje i forhold til kva konsekvensar anbudskriteria kan få i forhold til kva ferje vi får når Fjord1 overtek.

I dag er det den 15-år gamle ferja "Fedjefjord" som trafikkerer sambandet. Dette er ei lukka ferje med stor salong over bildekk: Ferja er ein god sjøbåt som ligg godt i sjøen og opplevast trygg under alle verforhold sjølv om den trafikkerer ein av landets tøffaste overfarter.


Ferja er livsnerven for Fedje og å ha ei ferje som faktisk går når den skal er det viktigaste for at Fedje fortsatt kan vera eit levande samfunn.

Bur ein i landsbyen i havet og satser på turisme vil ein salong over bildekk der overfarten kan opplevast og vera viktig.

Det vil vera av felles interesse for både Fedje kommune, Hordaland fylkeskommune og operatør Fjord1 at det vert sett inn ei ferje i sambandet som brukarane vert fornøyd med. Vi er sjølv sagt innforstått med at Fjord1 har levert anbud og vunnet kontrakten ut frå dei kriterier som gjekk fram av anbudsdocumenta, men ber om at Fjord1 har med seg overnevnte momenter både i eventuelle samtaler med fylkeskommune og i endeleg vurdering av kva ferje som skal setjast inn i sambandet.

Vi hadde satt pris på ei lita tilbakemelding om kor langt Fjord1 er kome i prosessen og kva tankar Fjord1 foreløpig har i forhold til kva ferje som skal setjast inn i sambandet Fedje - Sævrøy.

Med venleg helsing
for Fedje Krf


Ingmar Stuberg
- leiar -

Kopi: Hordaland fylkeskommune v/ fung. fylkesordfører Pål Kårbø